

– et aktuelt læremiddel
i tidsskriftform

NORSKnytt

ISSN 0801 5368

• Teikneseriar

• Quiz

• Noveller

• Lag din eigen teikneserie!

• Øvingsoppgåver eksamen

• Eksamen 2018


• Engasjement 2018

• Alternative eksamensoppgåver

• Ungdomsbøker

• Teikneserieromanar

• Uprisen 2018



REDAKTØR: TONJE NØRINGSET BJORDAL

Kva er Norsknytt?

Norsknytt er eit læremiddel i tidsskriftformat, særleg mynta på norsklærarar i ungdomsskulen. Eit overordna mål for tidsskriftet er å tilby lærarar kopieringsoriginalar, praktiske undervisningstips og fagleg oppdatering. Norsknytt ønsker å gi liv og variasjon til norskundervisninga.

Norsknytt blei starta opp av norsklæraren Jon Hildrum i Namsos i 1976. Nord-Trøndelag fylkeskommune finansierte i ei lengre periode utgjevinga av Norsknytt, for å sikre at tidsskriftet blei tilgjengeleg for alle ungdomsskulane i Nord-Trøndelag. Seinare har tidsskriftet spreidd seg til resten av landet.

Alle tekstane i Norsknytt er omfatta av opphavsrett, men lærarar kan fritt kopiere alt stoff som er tilrettelagt for elevar.

Sidan oppstarten har Norsknytt hatt to redaktørar. Norsklærar Jon Hildrum var redaktør frå 1976 til 2006. Norsklærar Øystein Jetne var redaktør frå 2007 til 2016. Norsklærar Tonje Nøringset Bjordal er redaktør frå 2016.

Vil du abonnere?

Eit årsabonnement (fire nummer per år) kostar 695,- kroner. Bestillinga kan sendast til:

Norsknytt
Postboks 303
7601 LEVANGER

eller:

post@norsknytt.no

Bidragstytarar i dette nummeret:

Øystein Jetne
Tonje Nøringset Bjordal

Tidlegare årgangar

Abonnentar på Norsknytt har høve til å bestille tidlegare årgangar til redusert pris. Porto og sendekostnader kjem i tillegg:

♦ Årgangane frå 1990 til 1992 kostar 50,- kroner per årgang.

♦ Årgangane frå 1993 til 2006 kostar 200,- kroner per årgang.

♦ Årgangane frå 2007 til 2017 kostar 350,- kroner per årgang.

Innholdsliste for Norsknytt 2/3-2018

- 3 Leiar
- 4 Bokomtale: *Killerinstinkt*
- 5 Bokomtale: *Dette livet eller det neste*
- 6 Bokomtale: *Den tolvte spelaren*
- 7 Bokomtale: *Støvets bok*
- 8 Bokomtale: *Hevner*
- 9 Novelleopplegg for tre trinn: introduksjon
- 10-14 Novelleopplegg 8. trinn: *Der nede sørger de ikke*
- 15-19 Novelleopplegg 9. trinn: *Alle de vennlige menneskene*
- 20-23 Novelleopplegg 10. trinn: *Det er ein tunnel i di framtid*
- 24 Eksamen 2018
- 25 Eksamen 2018: kva er engasjement?
- 26-27 Spørsmål til eksamensoppgåvene 2018
- 28-30 Eksamen 2018: originaloppgåvene i del B
- 31-38 Eksamen 2018: alternative oppgåver til del A
- 39-48 Eksamen 2018: alternative oppgåver til del B
- 49-54 Eksamen 2018: spørsmål til førebuingssheftet
- 55-59 Tips til gode teikneseriar
- 60-66 Lag din eigen teikneserie!
- 67-70 Quiz: Kva kan du om teikneseriar?

NORSKnytt

Eksamen 2018 og teikneseriar


Eksamen våren 2018 er igjen i hovudfokus. Dette året vekte ikkje eksamensoppgåvene like mykje ramaskrik som vi har sett tidlegare år. Alternative oppgåver til både a-delen og b-delen kan uansett vere nyttig å øve seg på for elevar som skal opp til eksamen våren 2019, eller som førebuing til tentamensesongen 2018. Oppgåvene er laga ut frå formatet på eksamen 2018, men nokre stader har *Norsknytt*-redaksjonen tillate seg å kome med eit og anna krumspring.

For dei som underviser på åttande og niande trinn er alt dette fokuset på eksamen ikkje like konstruktivt og beinveges nyttig. Ein stor del av nummeret er derfor via til eit fyldig opplegg om teikneseriar. Dette kan brukast på alle trinn og kan vere eit avbrekk for elevar som synest for mykje tekst, både når ein skal lese og når ein skal fortelje eigne historier, blir i overkant tungt. Teikneseriar kan sjølvstendige vere engasjerande også for elevar som er glade i å lese. Variasjon er stikkordet.

Som i førre nummer har vi også i dette dobbeltnummeret løfta fram ei novelle per trinn med tilhøyrande oppgåver. Nokre av oppgåvene går djupare inn i tematikken i teksten og inkluderer skriveoppgåver eller andre typar meir kreative og sjølvstendige oppgåver.

Bokomtalar står sentralt i dette nummeret. Ikkje berre er det eit knippe av årets beste bøker omtalt i starten av bladet, men teikneserieopplegget inneheld også ein del tips til teikneserieromanar som har vore eller er populære. Teikneseriar kan vere ein inngangsport til litteraturverda for elevar som ikkje automatisk grip etter ei bok for å underhalde seg.

Som alltid vil redaksjonen gjerne ha innspel! Kontaktinformasjon finn du på motsett side.



Killerinstinkt

Vinnar av Uprisen 2018

Boka tar oss rett inn i handlinga og ein eg-person som eg på veg til ei rettssak. Even Tollefsen på 18 år må møte i retten for mellom anna å forklare kva forhold han hadde til Mari Lindgren, som var kjærasten hans. I løpet av dei første sidene får vi nokre tilbakeblikk til 17. oktober, ein skjebnesvanger kveld. Boka veksler mellom fortid og notid. Vi får stadig avdekka fleire detaljar om kva som har skjedd gjennom Even sitt vitnemål i retten.

Forfattar Thomas Enger har skrive nok ei spennande krimbok for ungdom. Måten forteljinga veksler mellom tidene skaper spenning og ein ønsker å få avklart kven som er mordaren. Er det Even, eller er det nokon andre? Lesaren blir sittande og spekulere på kven som står bak, som i ei klassisk krimforteljing. I tillegg er her nokre overraskingar som gjer at alt ikkje er slik

det kanskje først verka. Boka er med andre ord verd å lese sjølv om ein har vore borti mange krimhistorier tidlegare og føler at ein kjenner sjangeren ut og inn.

Språket er enkelt og ganske rett fram. Boka kan passe for dei fleste lesarar på ungdomstrinnet. Skildringane og måten handlingane blir presentert på gjer at ein blir fanga av det som skjer og må lese vidare. Blir Even tatt for drapet på ekskjærasten Mari? Klarer han å reinvaske sitt gode namn og rykte før det er for seint?

Tittel: *Killerinstinkt*
Forfattar: Thomas Enger
År: 2017
Forlag: Kagge
Rettl. pris: 299,-
Sidetal: 255



Dette livet eller det neste

Vinnar av ungdommens kritikarpris 2018

Demian Vitanza tar oss med til Syria og den brutale verkelegheita som er så fjern for mange norske ungdommar. Vi følgjer norsk-pakistanske Tariq, som reiser til Aleppo saman med russaren Arbi, med håp om å kunne bidra til at utviklinga går i riktig retning. Men kven veit kva handlingar som er riktige i denne samansette konflikten?

Historia som blir fortalt er basert på intervjuar forfattaren har gjort med Tariq, som sit fengsla i Noreg som returnert framandkrigar. På vegen mot målet oppstår det fleire vanskelege situasjonar som gutane må kome seg ut av utan å bli oppdaga. Perspektivet på Europa som eit paradys blir utfordra.

Lesarane blir rivne med på denne spennande og brutale reisa til eit område som dei fleste i dag ikkje ønskjer å oppleve på nært hald. Vi får viktige innblikk i korleis religion kan drive menneske langt av stad, samtidig som religionen også er med som ein naturleg del av kvardagen for enkelte. Vi får medkjensle med gutane og forståing for vala dei tar. Skildringane er sterke.

Språket flyt godt med ein røff tone og dialog som passar til formålet.

Korleis endar reisa for dei to gutane?

Tittel: *Dette livet eller det neste*

Forfattar: Demian Vitanza

År: 2017

Forlag: Aschehoug

Rettl. pris: 349,-

Sidetal: 342



Den tolvte spelaren

Grøss og gru på nynorsk


Forfattar Tor Arve Røssland har etablert seg som ein populær nynorskforfattar med bøker for ungdom. *Den tolvte spelaren* er del av den nye grøss og gru-serien og føyer seg inn i rekka av grøssarbøker på nynorsk, saman med mellom anna bøkene om Svarte-Mathilda.

Vi møter Kevin, i eg-person, som nettopp har flytta til den vesle bygda Våg. Han merkar fort at noko ikkje er heilt som det skal vere. Alt er ikkje like enkelt når ein er ny på ein liten plass og skal finne posisjonen sin i miljøet. I denne samanhengen får han dessutan andre utfordringar i tillegg. Mykje av handlinga skjer

i fotballmiljøet, derav tittelen. Kevin må prøve å verke tøff for å hevde seg i gutemiljøet, noko som ikkje er så enkelt når det lurar farar rundt kvar sving.

Boka er kort i utgangspunktet og består i tillegg av eit oppsett som kan minne om lyrikk etter utsjånaden, med korte setningar og linjedeling midt på sida nokre stader. Dette kan gi lesarar som har motstand mot å lese, anten nynorsk eller bokmål, god meistringskjensle fordi sidene går fort unna. Språket er generelt enkelt og lettles.

Tittel: *Den tolvte spelaren*
Forfattar: Tor Arve Røssland
År: 2018
Forlag: Samlaget
Rettl. pris: 249,-
Sidetal: 100



Støvets bok

Fartsfylt fantasyroman

Unge Malcolm bur i London saman med foreldra sine og hjelper velvillig til for å få kvardagen til å gå rundt på familien sitt vertshus. Eit spedbarn i fare gjer at Malcolm hamnar på ei farefull ferd etter ein flaum som rammar byen. Det er noko spesielt med spedbarnet Lyra, og mange er ute etter henne. Malcolm må ta seg av henne i ein unntakstilstand.

Malcolm har ein båt med namn «La belle sauvage». Denne brukar dei til å kome seg i tryggleik både frå flaumen og frå den skumle

mannen Bonneville, som jaktar på det vesle følget.

Som fantasyroman føyer denne boka seg inn i rekka av fiksjonsbøker som har blitt så populære for ungdom. Særeige for universet i denne boka er at alle figurane har ein eigen såkalla daimon, som følgjer dei overalt.

Philip Pullman står bak populære bøker som *Det gylne kompasset*, som kom ut på norsk i 2007 og er del av trilogien *Den mørke materien*. Med denne boka er han tilbake i same modus som i 2007. Boka har godt med skildringar som skaper spenning. Språket kan passe for litt meir erfarne lesarar.

Tittel: Støvets bok 1

Forfatter: Philip Pullman


Omsetjing: Torleif Sjøgren-Erichsen

År: 2017

Forlag: Aschehoug

Rettl. pris: 299,-

Sidetal: 448



Hevner

Spennende og meningsfylt om mobbing

Ella er sammen med Damian, som har full kontroll på skolens sosiale hierarki. Det er han som avgjør hvem som er kule og hvem som ikke er det. Etter en fest i lokalmiljøet skjer det derimot saker som snur om på de vante relasjonene. Blant annet er Damian plutselig forsvunnet og Ella kan ikke forstå hvor han er blitt av. Og hva er det med den engasjerte ungdomsarbeideren Alfie?

Oppbyggingen av boken følger et dagbokformat, der vi får Ella og Damian sin synsvinkel i annet hvert kapittel. Dette skaper kanskje en større innsikt i at de to har ulike syn på tingenes tilstand. Begge to har i tillegg sine usikkerheter som bidrar til at de handler som de gjør.

Ingelin Røssland skriver godt til og for ungdom. Språket er lett tilgjengelig, med korte setninger og en intens spenningskurve. Språket kan være noe røft, men ikke mer enn det som må til for å understreke at ungdomskulturer kan være brutale. Boken er støttet av Leser søker bok og var nominert til årets Uprisen.

Temaet mobbing synes aldri å bli utdatert, dessverre. Røssland problematiserer hvordan man kan og bør forholde seg til andres negative atferd. Er det riktig av Ella å snu seg bort hver gang Damian og gjengen er ute etter et uskyldig offer? Bør hun endre holdningen sin?

Tittel: Hevner
Forfatter: Ingelin Røssland
År: 2017
Forlag: Mangschou
Veil. pris: 229,-
Sidetal: 152

Novelleopplegg for tre trinn

Norsknytt trekker jevnlig fram noen noveller som vi mener er gode å bruke på ungdomstrinnet. Noen av disse har meget lange tradisjoner i norskfaget, andre tekster er nyere og mindre kjente. Tekstene finnes ofte på nettet eller i et av de mange norsklæreverkene. Opphavsretten hindrer oss dessverre i å trykke selve novellene i *Norsknytt*.

I tillegg til enkle oppgaver til innhold, oppbygging og virkemidler i selve tekstene, følger også en rekke oppgaver som legger opp til et dyperegående arbeid tilknyttet tema og budskap. Alle de tre novellene finnes denne gangen også som kortfilm, enten på Filmrommet.no eller på Nrk.no, eventuelt andre steder på nettet. Førstedelen av oppleggene er direkte myntet på tekstene. Deretter følger oppgaver rettet mot kortfilmversjonen. Elever som synes noveller er vanskelige å forstå og tolke kan ha spesielt utbytte av å se en filmatisering, enten i stedet for, eller i tillegg til å lese teksten.

8. trinn: «Der nede sørger de ikke» av Bjarte Breiteig

To gutter, Karsten og Thomas, er på utsiden av klassemiljøet. I en gymtime, der de to guttene ikke deltar, går de inn i keramikk- og sløydssalen og ødelegger gjenstander som medelevene har laget. Guttenes utenforskap kan være grei å tolke og forstå for åttendeklasseelever, mens de mer dypere lagene i teksten, for eksempel hvorfor teksten har fått denne tittelen, nok ligger litt vanskeligere tilgjengelig. Likevel er teksten fin for å få i gang refleksjon rundt det å være på utsiden av klassemiljøet og hva slikt kan gjøre med en person. Kortfilmversjonen (10 min.) ligger blant annet på Filmrommet.no.

9. trinn: «Alle de vennlige menneskene» av Thor Åge Bringsværd

Handlingen finner sted i en togkupé på et tog et sted i Norge. En samling ukjente mennesker konverserer i starten høflig om hvorvidt de kan flytte seg slik at den trøtte medpassasjereren kan få sove. Dialogen blir mer og mer intens utover i teksten, før det til slutt tar helt av. Handlingen kan framstå som noe humoristisk fordi det hele blir absurd.

10. trinn: «Det er ein tunnel i di framtid» av Alice Glaser

En familie er på vei hjem etter en dag på stranden. Vi får en dramatisk skildring av hvordan spenningen bygger seg opp inne i bilen fordi tunnelen de må gjennom lukker seg og tar med seg en drøss med tilfeldig utvalgte bilister i avgrunnen. Teksten tar opp temaer som befolkningsvekst og kan være fin å knytte opp mot temaet demografi i samfunnsfag. Filmatisering av novellen, «Tunnelen» (11 min.), ligger på Nrk.no.

Oppgaver til «Der nede sørger de ikke»



OPPGAVE 1: Hva skjer i teksten? Skriv et kort handlingsreferat på maksimum fem setninger.

OPPGAVE 2: Hvorfor er dette en novelle? Finn minst tre sjangertrekk.

1.

2.

3.

OPPGAVE 3: Hvem er de to guttene i teksten? Hvordan kan du beskrive personlighetene til Karsten og Thomas? Har de noen fellestrekk? På hvilke områder er de ulike? Fyll inn tabellen under og forklar også hvordan trekkene kommer fram i teksten.

	Utseende	Personlighet	Hvordan kommer disse trekkene fram i teksten?
Karsten			
Thomas			
Fellestrekk			
Ulikheter			

OPPGAVE 4: Hvilket miljø foregår handlingen i? Skildre hvor handlingen foregår.

OPPGAVE 5: Hvorfor er handlingen lagt til en time i kroppsøving, tror du?

OPPGAVE 6: Hvorfor ødelegger de to guttene gjenstandene som medelevene har laget?

OPPGAVE 7: Hvordan er læreren i denne teksten? Kunne eller burde læreren gjort noe annerledes? I så fall hva?

OPPGAVE 8: Hva kunne de to guttene gjort annerledes i den situasjonen de var i? Gi dem noen gode råd.

OPPGAVE 9: Karsten forteller om hvordan de behandler døde i Nepal. Hvorfor forteller han om dette?

OPPGAVE 10: Hvorfor har forfatteren gitt novellen tittelen «Der nede sørger de ikke»?

OPPGAVE 11: Hva mener du er høydepunktet i teksten? Når er novellen på det mest intense?

Fordypningsoppgaver og skriveoppgaver

OPPGAVE 1

Tenk deg at du er enten Karsten eller Thomas. Du har en blogg der du er helt anonym slik at du kan dele tankene dine om smått og stort i livet ditt. Skriv et innlegg om episoden i sløydsalen. Hva tenkte du? Hvorfor gjorde du som du gjorde? Hvordan føltes det etterpå?

OPPGAVE 2

Hvordan kommer sinne og frustrasjon til uttrykk gjennom en tekst? Skriv en tekst der du kommenterer hvordan disse følelsene blir skildret i litteraturen. Du kan ta utgangspunkt i novellen «Der nede sørger de ikke», eller du kan ta for deg en annen tekst du kjenner godt.

OPPGAVE 3

Gå sammen i grupper på 3 – 4 elever. Finn fem bilder (på nettet, i blader, aviser eller liknende) som kan illustrere eller vise hva som er tema i teksten til Bjarte Breiteig. Det kan godt være flere aktuelle temaer å trekke fram. Skriv ut/klipp ut bildene og lim dem på en plakat. Skriv ved siden av bildene en forklaring på hvordan disse bildene kan vise temaet i teksten.

OPPGAVE 4

Skriv et leserinnlegg om det at noen elever blir stående på utsiden av miljøet i klassen. Hvorfor er dette et problem og hvordan kan man gjøre noe med det? Hvordan kan man sørge for at barn som ikke føler seg inkludert, likevel blir inkludert? Kom med konkrete eksempler fra en skolehverdag.

OPPGAVE 5

Skriv en fortelling eller novelle om en person som opplever noe som gjør han eller henne ukontrollert rasende. La raserianfallet være både et viktig høydepunkt og et vendepunkt i teksten din. La også omgivelsene rundt være en kontrast til dette voldsomme temperamentet som hovedpersonen plutselig viser.

Oppgaver til kortfilmen «Der nede sørger de ikke»



OPPGAVE 1: Hvordan starter filmen?

OPPGAVE 2: Hvordan slutter filmen? Hvilke andre måter kunne filmen sluttet på? Finn minst to alternative forslag til avslutninger.

OPPGAVE 3: Hvilke farger er brukt i filmen? Hvordan bidrar fargevalgene til å få fram stemningen?

OPPGAVE 4: Hvordan er bruken av musikk og lyd i filmen? Hvordan bidrar dette til stemning?

OPPGAVE 5: Hvilke forskjeller finner du mellom teksten og filmatiseringen?

OPPGAVE 6: Hvilke vendepunkter kan du finne i filmen? Når i handlingen skjer det en form for endring?

OPPGAVE 7: Hvordan er været i filmen? Har dette noe å si? Kunne været vært hva som helst?

OPPGAVE 8: Hvordan kommer personligheten til de to guttene fram i filmen? Beskriv og forklar med eksempler fra filmen.

OPPGAVE 9: Hva mener du kan være budskapet i filmen? Hvorfor? Hvilken scene i filmen får fram budskapet tydeligst, mener du?

Oppgaver til «Alle de vennlige menneskene»



OPPGAVE 1: Hva skjer i teksten? Skriv et kort handlingsreferat på maksimum fem setninger.

OPPGAVE 2: Hvem er menneskene i teksten og hvilke personlighetstrekk har de? Har de noen fellestrekk? På hvilke områder er de ulike? Fyll inn tabellen under og forklar også hvordan dette kommer fram i teksten.

	Egenskaper	Hvordan kommer disse trekkene til uttrykk i teksten?
Fellestrekk		
Ulikheter		

OPPGAVE 3: Hvilket miljø foregår handlingen i? Få med både det fysiske og det sosiale miljøet.

OPPGAVE 4: Hvorfor er dette en novelle? Finn minst tre sjangertrekk.

1.

2.

3.

OPPGAVE 5: Hvorfor er handlingen lagt til en togkupé, tror du? Forklar.

OPPGAVE 6: Hvordan framstår hovedpersonen i teksten? Er han annerledes enn de andre i togkupéen? Hvordan?

OPPGAVE 7: Hvordan er stemningen i teksten? Trekk fram eksempler som viser hvordan stemningen blir skildret.

OPPGAVE 8: Hvordan ville du selv oppført deg om du satt i denne togkupéen? Utviser menneskene her «normal» oppførsel?

OPPGAVE 9: Hva tror du forfatteren ønsker å vise eller fortelle med denne novellen?

OPPGAVE 10: Hvorfor har forfatteren gitt novellen tittelen «Alle de vennlige menneskene»?
Framstår menneskene i teksten vennlige?

OPPGAVE 11: Hva mener du er høydepunktet i teksten? Når er novellen på det mest intense?

OPPGAVE 12: Hvordan slutter novellen?



Skriveoppgaver til «Alle de vennlige menneskene»

OPPGAVE 1

Tenk deg at du er en av passasjerene i togkupéen denne dagen. Du deltar ikke i det som skjer, men registrerer alt, nesten som når du leser teksten. Skriv novellen sett fra din synsvinkel. Her kan du velge å fokusere mer eller mindre på enkelte karakterer i teksten. Du kan også vektlegge personlighetstrekk du selv synes er interessante.

OPPGAVE 2

Tenk deg at du er mannen som skal sove i togkupéen. Hva tenker du når de andre oppfører seg som de gjør? Skriv et dagbokinnlegg om episoden på toget. Trekk fram episoder som er skildret i novellen.

OPPGAVE 3

Tenk deg at handlingen foregår på en annen offentlig arena (for eksempel på skolen, rådhuset, køen i butikken, venterommet hos legen eller tannlegen, posten, kinosalen, teateret). Skriv novellen ut fra disse nye omgivelsene. Finn gjerne på ny dialog også, men la hovedfortelling og budskap være likt.

OPPGAVE 4

Skriv et leserinnlegg der du tar for deg hvordan mennesker oppfører seg overfor hverandre i det offentlige rom. Her er det *din* mening som skal fram! Trekk inn eksempler på offentlige steder der fremmede menneskers oppførsel overfor hverandre ikke går upåaktet hen.

OPPGAVE 5

Skildre situasjonen i togkupéen dersom tittelen var «Alle de uhøflige menneskene». Du kan velge ut enkeltscener og skildre, eller skrive novellen på nytt fra dette perspektivet. Hvordan oppfører medpassasjerene seg i dette tilfellet? Hva sier de? Hva gjør de? Hvordan reagerer hovedpersonen?

Oppgaver til kortfilmen «Vennlige mennesker»



OPPGAVE 1: Hvordan er filmen bygget opp? Hvordan starter filmen? Hvordan slutter filmen? Når er vendepunktet?

OPPGAVE 2: Hvordan kommer denne såkalte vennligheten hos medpassasjerene fram i filmen? Skildre ansiktsuttrykk og kroppsspråk hos de involverte.

OPPGAVE 3: Hvordan er kroppsspråk og ansiktsuttrykk hos passasjerene som blir utsatt for alle disse vennlige menneskene og deres tilnærmelser?

OPPGAVE 4: Hvilke forskjeller finner du mellom teksten og filmatiseringen? Hva er for eksempel forskjellen mellom tittelen på tekst og film?

OPPGAVE 5: Hvordan er stemningen i togkupéen? Hvordan kommer dette fram gjennom filmtekniske virkemidler (lyd, farger, vinkler, nærbilder og liknende)? Kommer stemningen tydeligere fram i filmen enn i teksten?

OPPGAVE 6: Sitt sammen i grupper på 3 – 4 elever. Planlegg hvordan dere kan lage deres egen film av scenen som utspiller seg på toget, men legg scenen til andre omgivelser. Hvilke andre steder kunne man tenke seg at noe slikt kunne oppstå?

Oppgåver til «Det er ein tunnel i di framtid»

Av Alice Glaser, *Tider skal komme*, 1968



1. Kva skjer i novella? Skriv eit kort handlingsreferat der du berre tar med den ytre handlinga.
2. Kva for personar er skildra i teksten? Skriv ned nokre stikkord om dei personlege eigenskapane deira.
3. Korleis er stemninga mellom personane i bilen? Korleis kjem dette fram?
4. Den vesle familien kjem rett frå stranda. Kvifor har forfattaren valt akkurat ei strand, trur du?
5. Når vil du anslå at denne handlinga går føre seg (kva for år)?
6. Kva for informasjon får vi om det sosiale og det fysiske miljøet i novella?
7. Kvifor seier faren fleire gongar at det ikkje er farleg å køyre i tunnelen? Verkar han truverdig? Kvifor/kvifor ikkje?
8. Kva for sjangertrekk for novelle finner du i teksten?
9. Korleis er språket i novella? Kom med konkrete døme frå teksten.
10. Korleis utspelar høgdepunktet seg? Forklar kvifor du meiner dette er høgdepunktet.
11. Korleis sluttar novella? Kva for andre avslutningar kunne novella hatt? Skriv eitt eller to forslag.
12. Kva kan vere budskapen i denne novella? Kvifor har forfattaren valt å skrive om akkurat dette temaet?

Vidare arbeid med «Det er ein tunnel i di framtid»

OPPGÅVE 1: FRÅ BAKSETET

Tenk deg at du er eit av barna i baksetet på bilen som køyrer gjennom tunnelen denne dagen. Kva tenker du? Skriv teksten frå eit av barna sin synsvinkel. Du kan godt tenke deg at du skriv dagbok, eit personleg blogginnlegg eller ein annan sjanger som kan fungere godt til å få fram ein person sine tankar og følelsar.

OPPGÅVE 2: FRÅ TUNNELEN SIN SYNSVINKEL

Tenk deg at du er sjølve tunnelen, og at det er tunnelen som bestemmer når han skal lukke og opne seg. Skriv teksten ut frå tunnelen sitt perspektiv. Korleis blir hendingane opplevd sett frå denne synsvinkelen? Kva for tankar kan ligge bak? Korleis ser tunnelen på alle menneska som prøver å komme seg gjennom? Du kan skrive teksten som ei fortelling, ei novelle, eit dagbokinnlegg eller eit blogginnlegg.

OPPGÅVE 3: BYMILJØ

Skriv ein tekst der du brukar din eigen by som bakgrunnsmiljø for ein tekst som tar opp eit samfunnsproblem. Problemet kan dreie seg om folkevekst, men du kan også velje å fokusere på noko anna, som for eksempel forureining eller krig.

OPPGÅVE 4: FRÅ FORELDRA SITT PERSPEKTIV

Korleis opplever foreldra i bilen situasjonen? Vel anten mora eller faren, eller skriv ei parallellfortelling der du vekslar mellom begge, og skriv om situasjonen frå deira synsvinkel. Korleis blir dette marerittet opplevd frå innsida? Kva for tankar går gjennom hovudet på dei under denne bilturen?

OPPGÅVE 5: BEFOLKNINGSREDUKSJON UTEN DISKRIMINERING

Teksten «befolkningsreduksjon uten diskriminering» står skrive over inngangen til tunnelen. Skriv ein reflekterande artikkel der dette er tittelen («Folkereduksjon utan diskriminering» dersom du skriv på nynorsk). Kva gjer vi dersom vi går tomme for ressursar? Kven har rett på dei få ressursane vi har? Kan vi gjere noko med folkeveksten i verda? Du kan bruke stoff frå samfunnsfagboka som utgangspunkt dersom du ønsker det.

OPPGÅVE 6: DIKT

Skriv eit dikt om korleis vi stadig blir fleire menneske i verda, spesielt i byane. Få med nokre tips, anten seriøse, tøysete eller overdrivne groteske, til korleis vi kan stoppe folkevekst. Bruk enderim, kontrastar og metaforar som verkemiddel i diktet. Diktet bør ha minst to strofer.

Oppgåver til kortfilmen «Tunnelen»



1. Korleis er fargebruken i filmen?
2. Kva for inntrykk får du av humøret til menneska i filmen?
3. Korleis er bilane i filmen? Kvifor trur du dei ser slik ut? Og kvifor er alle bilane like?
4. Kva for eit miljø skjer handlinga i, ut frå bakgrunnen og landskapet i filmen?
5. På ein vegg får vi sjå at nokon har skrive/tagga «steng dødstunnelene». Kvifor trur du dette er tatt med i filmen?
6. Korleis er musikk- og lydbruken i filmen? Kva gjer denne med stemninga? Korleis bidrar musikken til å få fram budskapet?
7. Korleis er veret i filmen? Kvifor trur du akkurat dette veret er valt?
8. Korleis snakkar foreldra til barna? Korleis står dette i kontrast til mimikk og kroppsspråk?
9. Kva er høgdepunkt og vendepunkt i filmen, meiner du?
10. Familien i filmen har vore på stranda. Korleis står bildet over i kontrast til stemninga i filmen? Korleis står bildet i kontrast til budskapet i filmen?
11. Korleis sluttar filmen?

Kreative oppgaver til temaet folkevekst

OPPGÅVE 1: Kva kan ein gjere for å få plass til alle menneska i verda på ein betre måte enn i dag? Lag ein plakat der du illustrerer og forklarar forslaga dine.

OPPGÅVE 2: Gå saman i grupper og lag ei eiga filmatisering av novella «Det er ein tunnel i di framtid». De kan gjere om på historia slik at de brukar noko anna enn ein tunnel for å fram bodskapen.



OPPGÅVE 3: Finn ut kva den siste forskinga seier om folkeveksten. Skriv ein fagartikkel om temaet. Korleis er utviklinga? Korleis meiner forskarane det kjem til å bli i åra framover?

OPPGÅVE 4: Gjer nokre undersøkingar på internett, i bøker eller tidsskrift og prøv å finne statistikk over korleis folkemengda i verda har auka dei siste to hundre åra. Lag ei veggavis som viser denne utviklinga. Vis gjerne med illustrasjonar, modellar og statistikk.

OPPGÅVE 5: Treet øvst på sida er eit bilde på folkevekst. Lag, teikn eller bygg ditt eige bilde på dette med at vi stadig blir fleire og fleire (til ei viss grad) i verda. Her kan du også trekke inn fleire faktorar, som krig, hungersnød, klimaproblem eller anna.

OPPGÅVE 6: Dramatiser novella «Det er ein tunnel i di framtid» i ei gruppe på fire elevar. Bruk eit rom, eit fag eller noko anna på skulen som utgangspunkt for historia. Altså: bytt ut bilturen med eit rom eller eit miljø på skulen. Formålet er framleis å få fram det brutale i utveljinga av tilfeldige menneske som skal bort.



Eksamen 2018



Eksamen i norsk skriftleg våren 2018 hadde ordet «engasjement» som tema. Ut frå det *Norsknytt*-redaksjonen kjenner til, var dette eit tema som fall i smak hos både elevar og lærarar (heilt sikkert med unntak). Som tidlegare år er det eit mangfaldig ord som er valt, og ein kan klare å få nesten alt mellom himmel og jord til å passe inn under omgrepet. Likevel bidrog førebuingsmateriellet til å avgrense og definere ordet.

I førebuingsmateriellet fann vi tekstar om alt frå fotball og fritidsaktivitetar, til yrke, krig, medmenneskelege handlingar, dataspel, språk og meir.

A-delen bestod begge dagane av to oppgåver, men i år la ingen av oppgåvene her opp til skrivning av ein skjønnlitterær tekst. Likevel var det variasjonar innanfor sakprosa-registret. Elevane måtte skrive både argumenterande og reflekterande, og blei sånn sett testa i fleire skrivehandlingar, i tillegg til oppgåvevala i b-delen.

A-oppgåva på sidemålsdagen, der ein skulle argumentere for den tittelen som passa best til teksten, var ei relativt enkel oppgåve som kanskje i større grad burde opna for å vise norskkunnskapar på høgt nivå. A-oppgåvene på hovudmålsdagen viste derimot større breidde i kunnskap hos elevane. Her kan det tenkast at det oppstod tydelegare skilje mellom høg og låg måloppnåing.

Spesielt for året var at ei av oppgåvene i b-delen inneheldt ein omfattande kampanjetekst, der ein skulle samanlikne ein blogg og ein annonse. Denne b-oppgåva hadde dermed trekk av det som elles har vore a-delen sitt felt: å bruke tekstvedlegg og samanlikne ulike typar av tekst og/eller bilde. Tendensen med at det alltid dukkar opp noko litt nytt på norskeksamen står altså ved lag. Samstundes vitnar 2018-eksamen om at det kanskje omsider finst ein trygg fellesskap for korleis norskeksamen skal sjå ut.

KVA ER ENGASJEMENT?

Tema for eksamen i norsk våren 2018 var «engasjement, noko som kan ha ulike tydingar og gi ulike assosiasjonar til kvar enkelt av oss. Ordboka (ordbok.uib.no) byr på følgjande synonym til ordet: innblanding, deltaking, interesse, oppgløding. Korleis brukar *du* ordet «engasjement»?


Definisjon

Skriv din definisjon av ordet «engasjement» i boksen til høgre. Kom også gjerne med døme på kva engasjement kan vere i praksis.

Engasjement er ...

Tankekart

Kva assosiasjonar gir ordet «engasjement» deg? Fyll inn tankekartet under.



Spørsmål til eksamensoppgåvene våren 2018

For å kunne svare på spørsmåla under må ein ha eksamenssettet som blei gitt til eksamen i norsk skriftleg våren 2018, både i sidemål (NOR0215, NOR1415) og hovudmål (NOR0214, NOR1415) framfor seg.

1. Kor mange tekstar skulle ein totalt levere til skriftleg eksamen i norsk våren 2018 (medrekna både hovudmåls- og sidemålsdagen)? _____.
2. Kor mange tekstar måtte ein har lese for å kunne svare på oppgåvene i a-delen, begge dagar? _____.
3. Kva forkunnskap treng ein for å kunne svare på oppgåvene i a-delen?

_____.
4. Kva går igjen i oppgåvetekstane? Ser du spesielle ord eller fraser som dukkar opp i meir enn ei av oppgåvene? Skriv ned desse orda/frasene.

_____.
5. Er det mogleg å skrive ein skjønnlitterær tekst begge dagane (både hovudmålsdagen og sidemålsdagen?) Kvifor/kvifor ikkje?

_____.
6. Er det mogleg å skrive ein sakprega tekst begge dagane? Kvifor/kvifor ikkje?

_____.
7. I kva for nokre av oppgåvene i b-delen må eller bør du bruke ein av tekstane frå førebuingmaterialet?

_____.
8. Krev nokre av oppgåvene forkunnskap som du meiner du ikkje har? Kva for kunnskap meiner du at du hadde trengt om du skulle svare på desse oppgåvene? Ver konkret!

_____.

Spørsmål til eksamensoppgåvene våren 2018

9. Kva er forskjellen på dei delane av oppgåvetekstane som er skrivne med feit skrift og dei delane som er skrivne med vanleg skrift?

10. Kunne nokre av oppgåvesvara profitte på illustrasjonar eller bilde? Kvifor/kvifor ikkje? _____

11. Kvifor trur du det er såpass mykje fokus på kor teksten din skal publiserast eller kva som er formålet med teksten?

12. Kva kan vere fordelane med å svare på ei oppgave som refererer til ein eller fleire av tekstane i førebuingmateriellet? I kva samanhengar kan du eventuelt sjølv trekke inn tekstar frå førebuingsheftet?

13. I kor mange av oppgåvene i b-delen treng du ikkje ha med kjelder for å skrive eit godt svar? _____

14. Kva for ei av oppgåvene i b-delen meiner du legg opp til den lengste teksten? Kvifor?

15. Kva for ei av oppgåvene i b-delen meiner du legg opp til den kortaste teksten? Kvifor?

16. Meiner du at du får vist kva du kan gjennom oppgåvene som blei gitt til eksamen i norsk skriftleg våren 2018? Kvifor/kvifor ikkje?

Eksamensoppgavene i norsk skriftlig våren 2018: hovedmålsdagen

Kilde: Utdanningsdirektoratet

B1 (hovedmålsdagen)

Innlegget «Helge stakk frå Hallingdal» starter slik: «Eg er ingen kunstnar med ord. Ingen poet eller forfattarspire. Men eg elsker språk. Ei god tale kan vere som eit musikalsk meisterverk. Språk engasjerer meg, gler meg og irriterer meg.»

Skriv en kreativ tekst der formålet er å få fram et engasjement for språk. Lag en overskrift som fenger.

B2 (hovedmålsdagen)

I teksten «Han gav historien liv og glød» forteller Uffe Ellemann-Jensen om hvordan skolebibliotekaren fikk ham til å bli lidenskapelig opptatt av bøker.

Skriv en tekst der formålet er å få unge til å lese mer. Presenter forslag til aktiviteter, og vis til eksempler på tekster som du mener kan fremme leseglede og leselyst. Eksemplene kan være fra forberedelsesmaterialet, fra opplæringen eller fra noe du har lest på fritiden.

Lag en overskrift som passer.

B3 (hovedmålsdagen)

Tenk deg at et nytt idrettsmagasin har bedt deg lage et bidrag til den første utgaven de skal publisere. Formålet med teksten din skal være å få fram hvordan idrett engasjerer på ulike måter. Du skal gi bidraget ditt en layout som kan passe til magasinet, og du må ha med et bilde, en illustrasjon eller en tekstboks.

Lag overskrift som passer.

B4 (hovedmålsdagen)

I utdraget fra romanen *Gamer* har du lest om en hovedperson som er lidenskapelig opptatt av dataspill, og som har ventet lenge på et nytt spill.

Skriv en tekst der hovedpersonen venter på noe som hun eller han er veldig opptatt av. Teksten din må få fram hvordan hovedpersonen opplever spenningen i ventetiden.

Lag en overskrift som passer.

Eksamensoppgåvene i norsk skriftleg våren 2018: sidemålsdagen

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

B1 (sidemålsdagen)

I førebuingmateriellet har du lese utdraget «Lillestrøm-Tromsø». Tenk deg at vestlendingane reiser vidare og held fram med det språklege engasjementet sitt. Skriv neste kapittel i same stil som i tekstutdraget. Du skal skrive på sidemålet ditt*, men du kan velje å la replikkane vere på bokmål, nynorsk, dialekt eller slang.

Lag overskrift til kapittelet ditt.

(*Elevar som er fritekne for vurdering i sidemål, skriv på hovudmålet sitt.)

B2 (sidemålsdagen)

I førebuingmateriellet har du lese ulike typar tekstar om menneske som har betydd noko for andre, og som og har blitt verdsette for engasjementet dei har vist.

Lokalavisa skal dele ut ein heiderspris til ein person som har vist stort engasjement og har inspirert deg og andre. Skriv ein tekst der du presenterer kandidaten din og overtyder juryen om at din kandidat er den rette.

Bruk overskrifta «Heidersprisen 2018».

B3 (sidemålsdagen)

Skriv ein tekst som skal publiserast på ein nettstad som tar inn ulike typar tekstar om saker ungdomen er opptekne av. Formålet med teksten er å få fram at eit personleg engasjement kan føre til endring og få positive konsekvensar for andre.

Lag ei passende overskrift.

B4 (sidemålsdagen)

Du har lese utdrag frå bloggen «Tour de Climat» i førebuingmateriellet. Det er omsett til nynorsk og ligg og ved oppgåva etter annonsen, på side 6 (i originaloppgåvesettet).

Annsen under er frå Regnskogfondets kampanjemateriell for TV-aksjonen 2015.

Beskriv og samanlikn korleis bloggen og annonsen får fram engasjement for miljøet. Kva for målgrupper meiner du tekstane vender seg til? Grunngje svaret ditt.

Lag overskrift som får fram engasjement for miljøet.

➔ Det aktuelle bildet finn du anten på Udir.no, eller på Regnskogfondet sine nettsider (www.regnskogfondet.no), eventuelt andre stader på nettet.

Kjelde: Regnskogfondet: «Vi skal vokte regnskogen» - Henta frå www.udir.no, eksamensoppgåve NOR1049, haust 2016

Skrifta på kampanjebildet står i ruta under:

Teksten med lita, kvit skrift under overskrifta “IKKE PÅ MIN VAKT” er omsett til nynorsk for oppgåva:

«Kva skal vi hugse generasjonen vår for? Dei som klarte å redde regnskogen i verda og heimane til 260 millionar menneske? Eller dei som øydela dei?

Vi kan faktisk velje. Halvparten av regnskogane i verda er øydelagde. For alltid. Og det er ikkje berre tre som forsvinn. Regnskogane rommar også uendeleg mykje liv. Her finn du mellom 50 og 80 % av plante- og dyreartane på jorda. Dersom vi raserer regnskogen, påverkar det også framtida di og mi. Regnskogfondet jobbar for å vakte dei siste regnskogane i verda og for at menneska som lever her skal få behalde heimane sine. Ta di vakt. Bli regnskogvaktar 18. oktober. #REGNSKOGVAKTAR»



Eksamen 2018: alternative oppgaver til del A

I del A skal du svare på to oppgaver: A1 og A2.

Oppgave A1

Bruk utdraget «War of Faluza» fra ungdomsromanen «Gamer» (forberedelsesmateriellet 2018) av forfatter Tor Arve Røssland.

Hvordan er teksten bygget opp? Hvorfor har forfatteren valgt å bruke linjedeling som i et dikt? Skriv en tekst der du drøfter oppbygging, linjedeling og tekstens tilknytning til temaet «engasjement» i utdraget.

Oppgave A2

Bruk bildet under. Skriv en kort, kreativ tekst der du skildrer adrenalinet og følelsene som strømmer gjennom kroppen til mannen på bildet i det øyeblikket han er avbildet. Hva er det han prøver på? Hva har satt i gang så sterke følelser for et dataspill? Hvilken prestasjon er det han prøver å oppnå? Her kan du trekke inn egne erfaringer fra spilling, eller du kan dikte fritt.



Eksamen 2018: alternative oppgaver til del A

I del A skal du svare på to oppgaver: A3 og A4.

Oppgave A3

Teksten «Tour de Climat – jakten på klimaløsningene» (forberedelsesmaterialet til eksamen 2018) er hentet fra en blogg og skrevet av en gjesteblogger. I blogginnlegget er det to bilder.


Skriv en tekst der du trekker fram to argumenter for at disse bildene passer til innhold i teksten og ett argument som taler imot at disse bildene brukes. Vis gjerne til eksempler fra teksten.

Lag en overskrift som passer til argumentasjonen din.

Oppgave A4


Du har fått i oppdrag å være den neste gjestebloggeren på denne klimabloggen. Skriv et eget blogginnlegg om noe klima- eller naturorientert som du selv er opptatt av. Innlegget skal uttrykke et tydelig engasjement for temaet.

Lag en overskrift som trekker lesere til bloggen.



Eksamen 2018: alternative oppgåver til del A

I del A skal du svare på to oppgåver: A5 og A6.



Oppgåve A5

Les teksten «Nordmannen» av Ivar Aasen (side 34).

Kommenter måten diktet er bygd opp på, samt tema, budskap og bruk av verkemiddel. Du kan velje om du vil gå spesielt inn i ei strofe, eller om du vil kommentere diktet som heilskap.

Lag ei overskrift som får fram det du har lagt mest vekt på i kommentaren din.

Oppgåve A6

Eit magasin som skal feire Ivar Aasen sine litterære verk og hans omfattande språkarbeid ønsker å trykke nyskrivne tekstar med utgangspunkt i dikt av Ivar Aasen.

Skriv ein tekst der du med eigne ord fortel historia i diktet «Nordmannen», der du brukar denne nordmannen som eg-person. I teksten din skal du først og fremst få fram kva som har ført denne personen hit, ut i den norske naturen.

Lag ei passande overskrift til teksten din.

Nordmannen

Forfattar: Ivar Aasen (1875) modernisert utgåve.

Mellom bakkar og berg utmed havet
heve nordmannen fenge sin heim,
der han sjølv heve tuftene grave
og sett sjølv sine hus oppå deim.

Han såg ut på dei steinute strender;
det var ingen som der hadde bygt.
"Lat oss rydja og byggja oss grender,
og so eiga me rudningen trygt."

Han såg ut på det bårute havet,
der var ruskut å leggja utpå;
men der leikade fisk nedi kavet,
og den leiken, den ville han sjå.

Fram på vetteren stundom han tenkte:

Giv eg var i eit varmare land!
Men når vårsol i bakkane blenkte,
fekk han hug til si heimlege strand.

Og når liene grønka som hagar,
når det laver av blomar på strå,
og når netter er ljose som dagar,
kan han ingen stad venare sjå.

Eksamen 2018: alternative oppgaver til del A

I del A skal du svare på to oppgaver: A7 og A8.



Oppgave A7

Bruk et av bildene under overskriften «Engasjement», fremst i forberedelsesmaterialet fra eksamen 2018.

Skriv en tekst der du drøfter hvorfor dette bildet er relevant for temaet «engasjement»? Hvordan er forholdet mellom bilde og bildetittel eller bildetekst? Hvilket budskap skal bildet tilføre oss? Argumenter for at bildet du har valgt hører hjemme under dette temaet.

Oppgave A8

Man sier gjerne at et bilde sier mer enn tusen ord. Skriv en kreativ tekst om noen som opplever nettopp dette i praksis. Du kan ta utgangspunkt i bildene på denne siden om du ønsker. Teksten skal ha et høydepunkt der ett eller flere bilder står sentralt.

Lag en engasjerende tittel.



Eksamen 2018: alternative oppgåver til del A

I del A skal du svare på to oppgåver: A9 og A10.

Oppgåve A9

Bruk teksten «Du må ikke sove» og «Det er den draumen» som du finn i førebuingmaterialet. Skriv ein tekst der du gjer greie for dei mest sentrale språklege verkemidla som er brukt i dikta. Samanlikne korleis forfattarane Olav H. Hauge og Arnulf Øverland på kvar sin måte får fram bodskap tilknytt det å vise engasjement for noko.


Bruk norskfaglege omgrep i teksten din.

Lag overskrift sjølv.

Oppgåve A10

Skriv ei kort skildring (om lag tre avsnitt) av ein person som vaknar midt på natta av at det skjer noko dramatisk. I teksten din skal du bruke utvida augneblink som verkemiddel for å få fram spenning.

Lag ei overskrift som får fram spenninga i teksten din og som kan fange lesaren.



Eksamen 2018: alternative oppgaver til del A

I del A skal du svare på to oppgaver: A11 og A12.

Oppgave A11

Bruk de to tekstene under overskriften «To drømmelærere».

Skriv en tekst der du med dine egne ord forklarer kort hva de to tekstene «Holmboeprisen 2017» og «Han gav historien liv og glød» handler om, og vurder hva de har til felles når det gjelder innholdet. Hvordan blir drømmelæreren framstilt gjennom disse tekstene?



Lag en overskrift som passer til innholdet i teksten din.

Oppgave A12

Teksten «Han gav historien liv og glød» fra forberedelsesmaterialet er skrevet på dansk. Det skandinaviske språkfellesskapet kan by på utfordringer, men også berike språket vårt og gi oss en større språkforståelse.

Skriv en argumenterende tekst der du trekker fram argumenter for og imot at man i norsk skal lese tekster på både svensk og dansk, i tillegg til norsk.

Lag en overskrift som sier noe om argumentene du har brukt.



Eksamen 2018: alternative oppgåver til del A

I del A skal du svare på to oppgåver: A13 og A14.



Oppgåve A13

Bruk teksten «Helge stakk frå Hallingdal» (førebuingsmateriellet eksamen 2018) av John-Ragnar Aarseth.

Vel ut eit substantiv, eit verb og eit pronomen frå teksten (Døme: «kunstnar», «elskar» og «eg»). Skriv ein samanhengande tekst der du kommenterer dei tre orda. I svaret ditt skal du vise kunnskap om språk og grammatikk. Bruk grammatiske omgrep i svaret ditt.

Lag ei overskrift som speglar det du har fokusert på i teksten din.

Oppgåve A14

Skriv ein tekst der du forklarar til ein yngre medelev kvifor humoren i teksten «Helge stakk frå Hallingdal» kan vere vanskeleg å forstå. Gi tips om korleis ein kan gå fram for å forstå ein vanskeleg tekst. I teksten din kan du til dømes vise kunnskap om bruk av språklege verkemiddel, humor og/eller ironi hos skribentar.

Lag ei overskrift som får fram kva du har fokusert på i teksten din.



Eksamen 2018: Alternative oppgåver til B-delen

Tema: engasjement

OPPGÅVE C1

I førebuingsmateriellet har du lese om to lærarar som verkeleg brenn for yrket sitt under overskrifta «To drømmelærere».

Skriv ein kreativ tekst om nokon som må overkome ei hindring i jobben sin for noko vedkommande trur på og engasjerer seg i.

Lag ei fengande overskrift.



OPPGÅVE C2

I eksamenssettet frå våren 2018 finn du eit utdrag frå diktet «Du må ikke sove» av Arnulf Øverland. Dette diktet er skrive i 1937, altså nokre år før andre verdskrig braut ut.

Skriv ein kreativ tekst der handlinga har utgangspunkt i dette diktet. Tenk deg at hovudpersonen i teksten din har inspirert Arnulf Øverland til å skrive diktet.

Bruk «Du må ikke sove!» som tittel.

OPPGÅVE C3

Romanen «Gamer» handlar om nokon som er veldig opptatt av dataspel. Både vaksne og ungdom kan i dag kjenne seg igjen i denne interessa, og det å bli nærmast avhengig av å spele dataspel. Mykje av fritida til ein del menneske går med til nettopp skjermbaserte spel.

Magasinet *Ungdom X* skal lage eit spesialnummer om akkurat dette temaet. Du har fått i oppdrag å skrive eit bidrag. Skriv ein tekst der du får fram ulike synspunkt på det å bruke veldig mykje tid framfor PC-en, mobilen eller tilsvarande skjermbasert installasjon.

Gi teksten din ei engasjerande overskrift.

Eksamen 2018: Alternative oppgåver til B-delen

Tema: engasjement

OPPGÅVE C4

I eksamenssettet frå våren 2018 finn du utdrag av korrespondentbrevet «Mellom Syria og Sagene» av journalist Kristin Solberg. Denne teksten tar for seg kor store kontrastar det er mellom Sagene, som ligg i Oslo, og Syria, der det går føre seg ein intens borgarkrig.

Skriv ein tekst om noko du opplever som kontrastfylt i din eigen kvardag. Teksten kan vere utforma som eit korrespondentbrev, men du står fritt til å velje sjanger sjølv dersom denne sjangeren er ukjent for deg.

Gi teksten din ei overskrift som får fram kontrasten i teksten din.

OPPGÅVE C5

I førebuingsmateriellet finn du tekstar på både bokmål, nynorsk, dialekt og dansk. Språkvariasjonane i Skandinavia er mangfaldige. Nokre omtaler desse variasjonane som ei hindring, mens andre ser på det som noko positivt.

Skriv ein tekst der du tar for deg døme på språkleg variasjon i din eigen kvardag. Formålet med teksten er å få fram korleis språkleg variasjon kan tilføre oss noko ekstra, noko positivt.

Lag ei overskrift som passar.

OPPGÅVE C6:



Mange yrke verkar veldig spennande for folk som står på utsida, medan andre yrke kan verke mindre interessante. I førebuingsmateriellet finn du til dømes to små tekstar om det å vere lærar. Kanskje kjenner du i tillegg andre yrke som folk anten synest verkar veldig spennande eller veldig keisame.

Ta utgangspunkt i eitt eller fleire yrke og skriv ein tekst der du reflekterer over kva det er med desse yrka som gjer at du anten blir interessert eller uinteressert. Kva skal til for at ein jobb verkar spennande? Kva faktorar spelar inn når du skal velje utdanning og yrkeskarriere?

Lag ei overskrift som passar.

Eksamen 2018: Alternative oppgåver til B-delen

Tema: engasjement

OPPGÅVE C7

Mange meiner at ungdom brukar for mykje tid framfor PC-en og mobilen og for lite tid på tradisjonell boklesing. Kva skal til for at ein ungdom blir engasjert i ei bok?

Skriv ein tekst der du viser døme på at romanlesing kan gjere liva våre rikare. Kvifor trur du mange, spesielt vaksne, meiner lesing av romanar er så viktig? Har du gode tips til korleis ein engasjerer ungdom i boklesing?

Lag ein passende tittel.

OPPGÅVE C8

Mange unge har på eit eller anna tidspunkt starta ein blogg. Nokre få opplever ein suksess og ei merksemd som ingen hadde trudd kunne vere mogleg å oppnå på denne måten.

Kva er det med bloggverda som engasjerer oss slik? Kva er positivt og kva er negativt med at ungdom spesielt blir så opptatt av å lese om andre, ganske vanlege menneske sine liv? Kva har desse bloggarane å tilføre lesarane? Skriv ein tekst der du trekker fram positive og negative sider ved bloggfenomenet.


Lag ein passende tittel.

OPPGÅVE C9

Mange ungdommar og vaksne er opptatt av trening og kosthald. Nokre har eit sunt forhold til dette, medan andre kan bli i overkant krampaktige på å kontrollere mat og trening.

Beskriv og samanlikn korleis bildet til høgre og teksten om «Lillestrøm-Tromsø» får fram engasjement for fysisk aktivitet. Når bikkar det over til å bli usunt? Kom med eksempel frå eigen kvardag, media, bloggar eller andre arenaer.

Lag ein passende tittel.



Eksamen 2018: Alternative oppgåver til B-delen

Tema: engasjement

OPPGÅVE C10

I første del av førebuingsmateriellet ser du tre bilde og ein logo. Felles for dei er at dei seier noko om kva engasjement kan vere.

Bruk eitt av bilda og samanlikne typen engasjement med det engasjementet du ser på bildet under. Reflekter deretter over kva som er forskjellen på positivt og negativt engasjement. Kan ein kalle det engasjement sjølv om det i verste fall skadar omgjevnadene? Kor går grensa?

Lag overskrift sjølv.



OPPGÅVE C11

Nokre menneske sitt engasjement kan gå for langt. Det kan vere vanskeleg å skilje mellom kva som er oppbyggjande åtferd og kva som er meir destruktivt.

Skriv ei parallellhistorie der to personar engasjerer seg i noko som gjer at dei øydelegg for kvarandre. Legg vendepunktet til ei hending der dei to personane møtest og dei negativt handlingane deira kryssar kvarandre.

Lag ein passande tittel.

Eksamen 2018: Alternative oppgaver til B-delen

OPPGÅVE C12

Ta utgangspunkt i bildet under. Tenk deg samtidig at denne personen har engasjement for noe som ikke har gått helt etter planen. Skriv en kreativ tekst der du får fram hva denne personen føler og hva som er bakgrunnen for at hun har havnet her.

Lag en passende tittel.



OPPGAVE C13

I forberedelsesmaterialet har du lest om personer som utviser engasjement på den ene eller andre måten.

Skriv en tekst der du forteller om hvordan én person viser engasjement for noe samfunnsnyttig, mens en annen person enten ikke viser noe engasjement, eller viser engasjement for noe som ikke gagnar samfunnet eller menneskene rundt han/henne. I teksten din skal du ha med dialog mellom disse to personene. Dialogen skal ha en sentral betydning for handlingen i teksten.

Lag en overskrift som fanger leseren.

Eksamen 2018: Alternative oppgaver til B-delen

Tema: engasjement

OPPGAVE C14

I forberedelsesmaterialet har du lest tekster som viser hvordan mennesker kan bry seg om veldig forskjellige saker og vise engasjement i mange varianter, enten det er samfunnsnyttig eller ikke.

Skriv en kreativ tekst med overskriften «Skjult engasjement», der én eller flere av personene skjuler engasjementet sitt av en eller annen grunn. Ha med virkemiddelet frampek og lag en åpen eller overraskende slutt.



OPPGAVE C15

Årets forberedelsesmaterieell hadde overskriften «Engasjement». Her har du lest tekster om hvordan veldig mange ulike områder ved livet kan tenne folks engasjement.

Skriv en tekst der en person eller en gruppe mennesker prøver å skape engasjement rundt en sak som de mener er viktig, men møter motstand. Bruk minst to av de fire fortellemåtene (handlingsreferat, tankereferat, replikker, skildring) i teksten din. Legg inn et symbol som virkemiddel for å få fram budskapet i teksten.

Lag en overskrift som fungerer som et språklig bilde.

OPPGAVE C16

I forberedelsesmaterialet har du blant annet lest om hvordan engasjement for språk kan være minst like sterkt som engasjement for en idrett eller hobby, samt hvordan språklige feil kan irritere folk som er engasjert i for eksempel rettskriving og korrekt tegnsetting.

Skriv en tekst om en jeg-personen som står overfor en situasjon der problemene forverrer seg på grunn av språklige barrierer eller misforståelser i for eksempel en skriftlig dialog i sosiale medier. Høydepunktet skal få fram hvor mye en tilsynelatende liten språkbagatell kan ødelegge alt for noen.

Lag en overskrift som passer.

Eksamen 2018: Alternative oppgaver til B-delen

Tema: engasjement

OPPGAVE C17

I forberedelsesmaterialet har du lest noen ytringer om hva en lærer kan bety i livet og utviklingen til enkelte mennesker.

Skriv en tekst der du argumenterer for hvordan læreren spiller en sentral rolle for elevers faglige og sosiale utvikling i livet. Vis til eksempler fra din egen opplæring og fra forberedelsesmaterialet.

Lag en overskrift som tydelig får fram synet i teksten.

OPPGAVE C18:

Jenter og gutter har ofte ulike fritidsinteresser. Samtidig er det kanskje stadig flere glidende overganger mellom hva som er såkalt jentete og hva som er typisk gutter. Det å være datakyndig og opptatt av dataspill kan nok fremdeles bli sett som mer typisk gutter enn jenter.

Skriv en tekst der du reflekterer over hvordan jenter og gutter bruker teknologiske nyvinninger (PC, mobiltelefon, dataspill, iPad, lesebrett med mer) ulikt. Er det noe som er veldig likt ved bruken av disse? Hva kan være grunnen til at det har blitt slik? Hva er det med teknologi som appellerer mer til gutter? Er dette eventuelt bare en myte?

Lag en overskrift som passer.

OPPGAVE C19:

La deg inspirere av bildet til høyre. Skriv en tekst der du får fram hva et ekte engasjement kan tilføre et enkeltmenneske eller en gruppe mennesker. Hva skiller et engasjert menneske fra et uengasjert menneske? Bruk konkrete eksempler fra eget liv, film, litteratur eller saker du har lest om i avisen eller sett på nyhetene.

Lag en overskrift som får fram ditt engasjement for å skrive en slik tekst.



Eksamen 2018: Alternative oppgaver til B-delen

Tema: engasjement

OPPGAVE C20:

I forberedelsesmaterialet finner du tekster om mennesker som har utviklet et sterkt engasjement for noe. For eksempel viser korrespondentbrevet «Mellom Syria og Sagene» en journalist som risikerer livet sitt for å nå fram med sine opplevelser fra krigen i Syria. I blogginnlegget «Tour de Climat – jakten på klimaløsningene» får vi innsikt i hvordan Marthe Skaara får fokus på klimaproblemene ved å sykle rundt i Norge og Danmark.



Skriv en tekst der du reflekterer over hva som skal til for å vekke engasjement hos en person. Hvorfor har noen så sterke interesser for enkeltsaker, mens andre ikke er i nærheten av å ville bruke slike ressurser for det de tror på?

Lag en overskrift som passer.

OPPGAVE C21:

Engasjement for mange ungdommer kan innebære såkalt gaming og å bruke mye tid foran en skjerm. Teksten «War of Faluza» skildrer engasjement for nettopp dette. En del voksne vil hevde at tiden man bruker foran PC-en er vekkastet. Når blir det for mye? Hvilke argumenter finnes for at ungdom bør få dyrke slikt engasjement?

Du får i oppgave å skrive et innlegg til et nettsted der folk diskuterer nettvaner og det siste nye innen dataspill. Innlegget skal ha som formål å få dem som leser eller besøker siden til å reflektere over hvor grensen går for hva som er sunt fokus på PC og gaming.

Lag en overskrift som passer til innholdet i teksten din.

OPPGAVE C22

I forberedelsesmaterialet har du lest om ulike former for engasjement.

Du har blitt bedt om å holde en tale for medelever og lærere på skolen din. Skriv en tekst som handler om å være engasjert. Trekk inn minimum tre ulike områder av livet der man kan oppleve engasjement. Bruk konkrete eksempler på personer som er spesielt engasjerte, enten disse er virkelige eller oppdiktet.

Lag en overskrift som fanger og som gjør bruk av enten bokstavrim eller en metafor.

Eksamen 2018: Alternative oppgåver til B-delen

Tema: engasjement

OPPGÅVE C23

Først i førebuingsheftet finn du nokre bilde. Det eine viser ein kampanje frå Røde kors med påskrifta «Jeg er ENSom bryr meg». Både logoen og sitatet kan tolkast på mange måtar.

Det er lyst ut ein skrivekonkurranse der formålet er å få inn bidrag som kastar lys over medmenneskelege handlingar og livsførsel. Skriv eit bidrag til denne konkurransen.

Vel sjølv kva slags type tekst du vil skrive. Lag ein passende tittel.


OPPGÅVE C24

I førebuingsmateriellet har du lese om og sett bilde av menneske med stort engasjement. Dette engasjementet kan vere anten for jobben dei har, ein hobby, eit medmenneske eller noko anna.

Du skal skrive ein tekst med tittelen «Engasjement mot alle odds».

I teksten skal du fortelje om og skildre korleis ein hovudperson jobbar hardt for det han eller ho engasjerer seg i og trur på. Denne hovudpersonen blir motarbeidd av ein annan person, ei gruppe eller kanskje samfunnet generelt.

Teksten skal publiserast i eit nystarta magasin med tittelen «Vårt engasjement»



Eksamen 2018: Alternative oppgåver til B-delen

Tema: engasjement

OPPGÅVE C25

Kva kan eit enkeltmenneske oppnå, kva blir folk hugsa for og kva for rolle spelar entusiasme, livsgnist og engasjement for framtida di og vår?

Skriv ein reflekterande tekst der formålet er at du sjølv skal bli bevisst på kva du engasjerer deg i, kva dei rundt deg er engasjert i og kva det å vere engasjert i noko kan ha å seie for framtida til både den som er engasjert og dei rundt.

Lag ei overskrift som passar til teksten din.



OPPGAVE C26

«Lillestrøm-Tromsø», «War of Faluza», «To drømmelærere» og «Mellom Syria og Sagene» er døme på tekstar du har lese i førebuingmaterialet. Alle tekstane har det til felles at dei viser menneske med sterke interesser for ei sak eller eit område ved livet.

Skriv ein tekst der du drøftar korleis desse tekstane får fram engasjement på ulike måtar. Du skal referere eller sitere frå minst to av tekstane over. I tillegg kan du trekke inn andre tekstar du har lese som kan vise engasjement.

Lag ei overskrift som passar til innhaldet i teksten din.



Eksamen i norsk våren 2018

Spørsmål til innholdet i forberedelsesmateriellet



Engasjement

- Hva er sammenhengen mellom temaet «engasjement» og de fire bildekildene i starten av materialet?
- Hvorfor er akkurat disse bildene plukket ut, tror du?
- Hva sier disse bildene oss om temaet for årets eksamen?
- Hvilken type tekster ser du for deg at du kan skrive ut fra hvert av disse bildene?
- Hvorfor er fotball valgt ut som en sport som illustrerer engasjement?
- Hva vet du om situasjonen på det andre bildet? Hva handler saken «oljefritt Lofoten» om?
- Hvilken type engasjement viser bildet av en gutt som kommer bærende på en stabel med bøker?
- Hva er «Ubok formidling»?
- Hva mener du skal til for at unge skal bli inspirert til å lese mer?
- Hvilken type engasjement står Røde kors for? Kom med eksempler.
- Hva vet du om organisasjonen Røde kors?
- Hva tror du er formålet med denne siden? Hvorfor er den plassert først i forberedelsesmateriellet?
- Om det skulle være et femte bilde eller logo på siden, hva kunne dette vært bilde av? Kom med tre forslag.

Eksamen i norsk våren 2018

Spørsmål til innholdet i forberedelsesmateriellet

«Lillestrøm-Tromsø»

- Hvilken type tekst er dette?
- Hvem har skrevet denne teksten?
- Hvordan kommer temaet «engasjement» fram gjennom denne teksten?
- Hvilken kilde er teksten hentet fra?
- Hvilke personer er sentrale i teksten?
- Hvilket språk er teksten skrevet på?
- Hvilket forlag er denne teksten utgitt gjennom?
- Hva viser de to bildene i teksten?
- Hvordan er humor brukt i denne teksten? Vis med konkrete eksempler.
- Hva kan bokomslaget fortelle oss om innholdet i resten av boka?
- Hva skjer i teksten?
- På hvilken måte kan denne teksten være vanskelig å forstå?

«War of Faluza»

- Hvilken type tekst er dette?
- Hvem har skrevet denne teksten?
- Hvordan er teksten bygget opp?
- Hvorfor har forfatteren gitt teksten dette oppsettet, tror du?
- Hvilke andre sjangre kan oppsettet og linjedelingen minne om?
- Hva viser bildet nederst til høyre ved siden av teksten?
- Hva handler teksten om?
- Hvilken type tekster kan du se for deg å skrive ut fra denne teksten?
- Hvordan er innholdet i teksten knyttet til temaet «engasjement»?
- Hvilket inntrykk får du av jeg-personen i utdraget?



Eksamen i norsk våren 2018

Spørsmål til innholdet i forberedelsesmaterialet


«Tour de Climat – jakten på klimaløsningene»	«Helge stakk frå Hallingdal»
• Hvilken type tekst er dette? • Hvem har skrevet denne teksten og hvilken rolle har vedkommende? • Hvor er denne teksten opprinnelig publisert? • Hva har denne teksten med temaet «engasjement» å gjøre? • Hvilke problemstillinger tar teksten opp? • Hvilke meninger har forfatteren om temaet? • Når er teksten skrevet? • Hva står på lappen på bildet øverst i teksten? • Når er teksten lastet ned? • Hvem/hvilken institusjon har lastet ned teksten fra det aktuelle nettstedet, bearbeidet den og trykket den i forberedelsesmaterialet? • Hvorfor har teksten fått akkurat denne tittelen? Hva skal tittelen bety? • Hvilken målform er teksten skrevet på? • Hvor har jeg-personen i teksten vært, ut fra det som kommer fram i teksten? • Hva er et «klimakort», ut fra måten ordet brukes på i teksten? • Hvilke personer har forfatteren sitert indirekte i teksten? • Hvor mange kilometer har jeg-personen syklet? • Hvilke steder får vi vite at jeg-personen har besøkt? • Hva er det forfatteren mener er urettferdig, ifølge teksten? • Hva er forfatterens budskap med en slik tekst? • Hvilke tekster kan du se for deg å skrive ut fra denne tekstens innhold og budskap?	• Hvilken type tekst er dette? • Hvem har skrevet denne teksten? • Hva handler teksten om? • Når er teksten skrevet? • Hva er det forfatteren av denne teksten er spesielt opptatt av? • Hvilken målform er denne teksten skrevet på? • Hva betyr det å «knote»? Dersom du ikke kjenner til ordet, kan du skrive hvilken betydning det får gjennom bruken i teksten. • Hva er orddeling? Vis til konkrete eksempler både fra teksten og som du kommer på selv. • Hvorfor er det bilde av en festkledd kvinne øverst i teksten? • Hvorfor er det bilde av et reklameskilt lengre nede i teksten? • Hva ønsker forfatteren å få fram med denne teksten? • Hvilke virkemidler tar forfatteren i bruk for å få fram meningene sine? • Hvor er denne teksten opprinnelig trykket? • Hva kommer fram i de fire siste setningene i teksten? • Hva mener du selv om dette temaet? • Hva sier jeg-personen i teksten om sitt eget forhold til språk helt i starten av teksten? • Hvilket budskap kommer fram gjennom denne teksten? • Hvilke tekster kan du se for deg å skrive tilknyttet dette temaet? • Hvorfor har teksten fått denne tittelen? • Hvilke andre titler kunne denne teksten hatt? Lag tre forslag.

Eksamen i norsk våren 2018

Spørsmål til innholdet i forberedelsesmateriellet

«Du må ikke sove»

- Hvilke ulike tekster og bilder består denne siden av?
- Hvilke fellestrekk har disse tekstene og bildene?
- Hvilken tilknytning har disse til temaet «engasjement»?
- Hvorfor er overskriften for hele siden samlet «Du må ikke sove»?



«Du må ikke sove» • Hvilken type tekst er dette og hvordan ser du det? • Hvem har skrevet denne teksten? • Når er teksten skrevet? • Hva var spesielt med tidspunktet teksten ble skrevet på? • Hvorfor har teksten fått denne tittelen? • Hva betyr tittelen, tror du? • Hva kan være budskapet med en slik tekst? • Hvordan er teksten bygget opp? • Dette er kun et utdrag. Hva tror du resten av teksten kan handle om? • Hva har denne teksten med engasjement å gjøre?	«Det er den draumen» • Hvilken type tekst er dette? • Hvilke virkemidler er brukt i denne teksten? • Hvem har skrevet denne teksten? • Når er teksten skrevet? • Hva handler teksten om? • Hvilken målform er teksten skrevet på? • Hva kan være budskapet til forfatteren bak denne teksten? • Hvordan passer denne teksten med temaet «engasjement»? • Hvilken drøm kan dette være snakk om?
Sitat av Georg Brandes • Hvorfor er dette lille sitatet med i utvalget av tekster på denne siden? • Hva vet du om Georg Brandes? • Når er dette sitatet først formulert? • Hva innebærer det å sette problemer under debatt? • Kjenner du norske diktere som satte problemer under debatt på 1800-tallet? • Kjenner du norske diktere eller forfattere som setter problemer under debatt i dag? • Hva er formålet med å sette problemer under debatt i litteraturen? • Hvilket problem siktes det mot i denne sammenhengen?	Bilde: å tåle så inderlig vel • Hva viser dette bildet/plakaten? • Hva kan bildet tilføre tekstene over? Kan det bidra til å si noe om hvordan tekstene på siden skal eller kan tolkes? • Hva står med liten skrift på bildet? • Når er bildet lastet ned? • Hvem står bak bildet/plakaten? • Hva tror du denne plakaten er brukt til? • Kjenner du til hvilken tekst frasen «å tåle så inderlig vel» er hentet fra? • Hva er det man skal eller ikke skal «tåle så inderlig vel», tror du?

Eksamen i norsk våren 2018

Spørsmål til innholdet i forberedelsesmateriellet

«Mellom Syria og Sagene»

- Hvilken type tekst er dette? Hvor er teksten opprinnelig trykket?
- Hvem har skrevet teksten? Hvilken bakgrunn har denne personen?
- Hva handler teksten om?
- Hvilke kontraster kommer fram i tekstens andre avsnitt?
- Hva er situasjonen for den unge gutten Jumma, som er omtalt i teksten?
- Hvilke metaforer er brukt i teksten? Finn minst tre eksempler på tydelige metaforer.
- Hvor har jeg-personen vært når hun har skrevet teksten? Hvilke ulike steder er nevnt i teksten?
- Hvordan er teksten bygget opp?
- Hvilke spørsmål stilles underveis i teksten?
- Hvorfor har forfatteren så mye fokus på sykler?
- Hva er budskapet til forfatteren?
- Hvilke tekster kunne du skrive ut fra denne teksten? Hva kunne du skrive ut fra temaet som teksten tar opp?
- Hva viser bildene i teksten? Hvorfor er disse bildene valgt ut til å illustrere denne teksten?
- Hvorfor kan det være viktig at noen skriver slike tekster?
- Hvorfor har forfatteren gitt teksten tittelen «Mellom Syria og Sagene»? Hvilke virkemidler er brukt ganske effektivt i denne tittelen?
- Kunne teksten hatt andre titler? Kom med tre konkrete forslag.
- Hvilke virkemidler er mest brukt i teksten? Vis til konkrete eksempler fra teksten.
- På hvilken måte og hvorfor er den amerikanske filosofen John Rawls trukket inn i teksten? Hvorfor tror du forfatteren har valgt ut akkurat denne filosofen?
- Hvordan slutter teksten?
- Hva krever det å skrive en slik tekst? Hvilke risikoer må forfatteren ta for å innhente erfaringene hun deler i teksten?
- På hvilken måte viser teksten temaet «engasjement»?
- Hva kunne en skjønnlitterær tekst om dette temaet handle om? Lag en enkel disposisjon.
- Hvilken problemstilling kunne en reflekterende artikkel om dette temaet ha?

Eksamen i norsk våren 2018

Spørsmål til innholdet i forberedelsesmateriellet



«To drømmelærere»

- Hvilke tekster og bilder inneholder denne siden? Skildre kort.
- Hva handler de to tekstene om?
- Hva er «Holmboeprisen»?
- Hvilke språk er representert på denne siden?
- Skriv ned ti ord som er forskjellige på norsk og dansk.
- Hvordan er disse tekstene knyttet til temaet «engasjement»?
- Hvordan er bildene på siden knyttet til temaet?
- Hvor er disse tekstene opprinnelig trykket?
- Hvor må du gå for å se filmen til høyre på siden?
- Hvem har skrevet tekstene?
- Hva er en drømmelærer ifølge disse to tekstene?
- Hva er en drømmelærer ifølge deg selv?
- Skriv en kort tekst som kunne passe på denne siden, altså en tredje tekst. Skriv fra ditt eget perspektiv og erfaringer.

Teikneseriar og romanar som likeverdig litteratur?





Å få ungdom til å lese skjønnlitteratur kan vere ei utfordring. Mange kvir seg kanskje for å opne for at elevar les teikneseriar på skulen fordi det ikkje blir sett på som like utfordrande lesetrening som ordinære romanar. Men for elevar som ikkje likar å lese skjønnlitteratur er teikneserien noko ufarleg, noko som kan skape meistringskjensle og leseglede.

Teikneseriar kan fungere som ein mild overgang frå den samansette teksten ungdom ikkje kjem utanom så lenge dei er tilknytt PC og mobil, til det analoge universet som finst mellom to faste permar. Kanskje utviklar dei gjennom teikneseriar og teikneserieromanar

ein kjærleik til skriftleg kommunikasjon som kan føre dei vidare inn i bokverda på sikt?

Tradisjonelt har det nok vore enklast å finne teikneseriar for anten barn eller vaksne. Men kva har vi der ute av gode teikneseriar for ungdom? Under følgjer ei rekke tips til populære teikneseriar som kan passe for ungdom, både uerfarne lesarar på åttande trinn og dyktige lesarar på tiande trinn. Her finst teikneseriar som minner om vanlege, fiktive spenningsromanar, og her finst teikneseriar som til dømes forklarar dynamikken i andre verdskrig eller mekanismane bak regimet i Iran og kvinneundertrykking.




The Urban Legend

Actionfylt om ein samfunnsengasjert superhelt

«The Urban legend» har blitt ein populær teikneseriehelt for ungdom dei siste åra. Den norske teikneserieskaparen Josef Tzegai Yohannes står bak suksessen, saman med teiknar Steve Baker.

I den fiktive byen Capital city følger vi superhelten The Urban Legend som ordnar opp mot urettferd i samfunnet. Byen er ille ute og prega av skandalar som korrupsjon og dårleg økonomi.

Når The Urban Legend ikkje er superhelt som opprettheld lov og orden, er han lærar på ein vidaregåande skule under namnet Malcolm Tzegai Madiba. The Urban Legend har, akkurat som skaparen sin, afrikansk bakgrunn. Såleis blir han ein kontrast til den klassiske amerikanske eller europeiske superhelten. Bladet finst så langt i sesong 1 og sesong 2.



Samarbeid med Nobelsenteret

Yohannes fekk ideen til serien då han var i Afrika og bestemte seg for at også afrikanske barn treng ein superhelt å identifisere seg med og sjå opp til. På grunn av det idealistiske motivet i serien har Yohannes i 2015 samarbeidd med Nobelsenteret.

Yohannes er i tillegg utnemnd som ambassadør for The Nelson Mandela Foundation. Serien er omsett til ni språk og har blitt populær også i fleire andre land.

Tittel: The Urban Legend sesong 1

Forfattar: Josef Tzegai Yohannes

Forlag: Gyldendal
224 sider

Rettl. pris: 299,-

SIDE 56

Apefjes

Ein trilogi av teikneserieromanar!

Tor Erling Naas står bak denne kritikarroste spenningsserien med teikneserieromanar, illustrert av Torbjørn Lilleeng. Bøkene har blitt populære blant ungdom i ungdomsskulealder og er banebrytande i kombinasjonen mellom to sjangrar: roman og teikneserie. Martin heiter hovudpersonen i bøkene. Vi følgjer han mens han prøver å finne seg til rette blant jamaldringar og i dei ulike miljøa der han skal passe inn.



Første bind kom ut i 2011. Handlinga føregår i Oslo, der vi følgjer Martin som utfordrar normene rundt seg. Språket er enkelt og består av korte setningar som gjer at ein kan få god meistringskjensle av at progresjonen ikkje går for sakte. Bøkene er støtta av Leser søker bok. Serien passar likevel også for erfarne lesarar fordi historia og illustrasjonane er nyskapande.

Apefjes 2: Ulvehjerte


Oppfølgjaren *Ulvehjerte* held fram der første boka slutta. Martin må overtyde myndigheitene om at det ikkje er han som står bak ny tagging i byen. Framleis kjenner ikkje folk flest til den hemmelege identiteten til Martin, og han må gøyme seg for nokon som er ute etter å ta han. Spenninga og jakta held fram også i denne boka.

Apefjes 3: Flammeterenner

Siste bok, så langt, i serien om Apefjes kom i 2015 og har fått tittelen *Flammeterenner*. Martin må ordne opp når mora forsvinn, men nye fiendar dukkar opp overalt. Også i denne boka er handlinga lagt til Oslo. Samstundes som vi får svar på spørsmål vi kanskje sit att med etter første og andre bok, får vi også ein spennande avslutning på miniserien så langt.



Tips til gode teikneseriar for ungdom



Maus - en overlevendes fortelling

Forfatter: Art Spiegelman


Denne etter kvart svært populære teikneserieboka tar for seg andre verdenskrig og framstiller partane som ulike dyr. Tyskarane er teikna som kattar, medan jødane er teikna som mus. Lesaren får eit heilt nytt overblikk over kven som stod på kva side gjennom desse gruoppvekkande åra i Europa.



Anne Franks dagbok

Forfatter: Ari Folman

Klassikaren om Anne Frank som sat i skjul saman med familien på eit loft i Amsterdam under andre verdenskrig er no illustrert. Kanskje er dette formatet lettare tilgjengeleg for barn og ungdom som treng støtte av bilde mens dei les? Forteljinga er framleis den same spennande og groteske historia frå den brutale verkelegheita i Europa under krigen.



7 - trusselen fra dypet

Forfatter: Kristin Landmark og Ole Bernt Tellefsen

Sju ungdommar er valt ut til å kjempe for fred og rettferd. Norske Oscar er hovudpersonen som vi følgjer gjennom hans tilvenning til superhelteformatet. Bøkene er lettlesne. Lesaren får god tid på seg til å fordøye og ta inn handlinga. Når hendingane i tillegg er illustrerte, blir dette lett tilgjengeleg for unge lesarar eller lesarar med utfordringar.




Peer Gynt

Forfatter: David Zane Mairowitz

Klassikaren til Ibsen er her i teikneserieformat! Vi møter den noko egoistiske Peer på hans ferd gjennom det hypernorske. Denne boka kan nok vere tung å lese for dei yngste ungdommane, også med bilde, men kan til gjengjeld vere veldig berikande for eldre ungdom og vaksne som kjenner historia om Peer Gynt frå før av. Teksten er skriven med eit meir moderne språk, noko som også bidrar til å gjere han meir tilgjengeleg for ungdom. Rima er heldigvis likevel ivaretatt også i teikneserieversjonen!


Tips til gode teikneseriar for ungdom



Persepolis

Forfatter: Marjane Satrapi


Iran er eit mytisk land, både mange hundreår tilbake i tid, så vel som i dag. Denne teikneserieromanen startar ved styrtinga av sjahen i 1979, utviklinga vidare fram til krigen mellom Iran og Irak, og hovudpersonen si flukt til Paris og deretter tilbake til Iran igjen. Boka er sjølvbiografisk og det er også laga ein kritikarrost teiknefilm basert på historia.



Den russiske revolusjonen

Forfatter: Kristian Krohg-Sørensen

Ei historisk periode i verdshistoria får vi her skildra med tekst og teikningar. Vi er i Russland i 1917. Folket yter sterk motstand mot tsaren sitt beinharde styre. No er det nok! Den russiske revolusjonen er i gang. Sentrale historiske personar, som Lenin og Stalin, blir plassert i ein samanheng og får ei forklaring på korleis dei har blitt slike sentrale namn i verdshistoria.



Kvinner i kamp

Forfatter: Marta Breen og Jenny Jordahl

Boka gir eit innblikk i utviklinga av likestillinga og kvinner sine rettar. Forfattarane går 150 tilbake i tid og skildrar mellom anna korleis kvinner organiserte seg verda over og samla seg for å få same rettane som menn. Boka er eit viktig bidrag til opplysning om utviklinga og passar også for yngre lesarar, sjølv om tematikken kan vere tungt fordøyeleg i seg sjølv.



26. november

Forfatter: Mikael Holmberg

Andre verdskrig er igjen tema. Vi er i Noreg i 1942 og menneske med jødisk avstamming blir henta midt på natta for å bli frakta vidare til konsentrasjonsleiren Auschwitz. Vi får historiene til fire norske jødar som opplevde denne dramatiske natta og ferda vidare. Det norske Holocaust kjem tydeleg fram gjennom denne boka, ein prosess som ofte hamnar i skuggen av alt som hende i Europa gjennom krigsåra.

LAG DIN EIGEN TEIKNESERIE!

Alle kan dikte opp sitt eige univers, anten i novelleform, romanform eller teikneserieform! Kvifor ikkje prøve å lage ein figur sjølv? Då står du fritt til å skape denne akkurat slik du sjølv vil!

Før du går i gang med å teikne og skrive rutene i teikneserien kan det vere lurt å lage ein plan for kva figurar du vil ha med og korleis universet skal sjå ut. Hugs at ein alltid kan endre på figurar og miljø undervegs, ettersom ein kjem på endå meir morosame eller artige løysingar.




Hovudfigur

Kven skal vere hovudfiguren i teikneserien din? Teikne den figuren som skal vere mest sentral i ruta til høgre.

Namn på figuren:

Alder:

Yrke/aktivitet:



Spesielle eigenskapar:



Miljø

Kor skjer handlingane i teikneserien din?
Skjer det midt i storbyen? På ein bondegard? I skogen? I framtida? I fortida? Midt under ein krig? På havbotnen? På ein bingoklubb? I militæret?

Teikne hovudbakgrunnen der handlingane i teikneserien skal gå føre seg og skildre korleis miljøet er, både fysisk og sosialt.



Namn på plass:

Skildring av miljøet:



Særtrekk



Ein superhelt har kanskje eit symbol på brystkassa. Til dømes har Supermann ein stor «S» på magen. Batman har ei heil klesdrakt som fungerer som eit tydeleg særpreg. B-gjengen har fangenummer på genserane sine. Langbein har den klassiske hatten sin.

Utarbeid eit symbol eller særtrekk for din figur, anten det er ein superhelt eller ein heilt annan type. Utforme symbolet i ruta til høgre. Teikne deretter inn hovudkarakteren ikledd eller saman med symbolet eller særtrekket sitt i ruta til venstre.

--	--



Kva er formålet med særpreget?

Kva skal symbolet eller særpreget vise? Skal det skjule den eigentlege identiteten til figuren? Skal det vise kva figuren står for? Skal det berre vere ein morosam detalj?

Bifigurar

Kva andre figurar er hyppige deltakarar i livet til hovudfiguren? Skildre to til fire karakterar som står sentralt. Det kan sjølvsagt også vere at du vil ha to hovudfigurar som er like viktige, som i Knoll og Tott.

Eksempelfigur 	Namn: Stanislav Iskariot Alder: 76 år Relasjon til hovudfigur: erkefiende Eigenskapar: Har <i>Store norske leksikon</i> operert inn i hjernen og veit ALT. Svakheiter: Forstår ingenting av mobiltelefon, datamaskiner og andre teknologiske nyvinningar. Særtrekk: skalla, dårleg tannstilling og kronisk aggressivt ansiktsuttrykk. Ofte ikledd ein svart, fotsid frakk.
Figur 1 utsjånad	Namn: Alder: Relasjon til hovudfigur: Eigenskapar: Svakheiter: Særtrekk:
Figur 2 utsjånad	Namn: Alder: Relasjon til hovudfigur: Eigenskapar: Svakheiter: Særtrekk:
Figur 3 utsjånad	Namn: Alder: Relasjon til hovudfigur: Eigenskapar: Svakheiter: Særtrekk:

Språk og tekst i teikneserien



Tips til teksten i teikneserien din:

- På bildet over ser du døme på såkalla onomatopoetikon: lydmalende ord. Desse blir ofte brukt for å få fram lydar i ein teikneserie. Lydar kan bidra til å sette stemninga, anten ho er romantisk, dramatisk, skummel eller anna.
- Du kan variere skriftstorleiken og skrifttypen alt etter kor kraftfullt det figuren uttrykker er.
- Ofte har karakterane i ein teikneserie frasar eller ord som dei brukar ofte, som eit kjennemerke.
- Omgjevnadene og miljøet kan også ha lydar som oppstår ofte. Bruk deg sjølv eller nokon du kjenner som inspirasjon, eller prøv å finne på noko heilt nytt. Skriv inn forslag til noko hovudfiguren eller bifigurane seier når det skjer noko spesielt, eller når han/ho berre er oppgitt, sint, glad, engasjert, trøytt eller liknande.
- Av og til har teikneseriar ein forteljar som på ein måte står på utsida av hendingane, men likevel er med i teksten ved at delar av historia blir skrive direkte på bakgrunnen utan noko boble rundt. Dette er ofte med for å forklare bakgrunnen for noko, noko som har skjedd tidlegare.
- Når ein person seier noko høgt, brukar ein ei vanleg snakkeboble, illustrert til venstre i tabellen under. Når nokon berre tenker noko, utan å seie det høgt, brukar ein ei tankeboble forma som ei sky, illustrert i midten av tabellen under. Når nokon er sinte, eller ropar noko høgt, brukar ein gjerne taggete snakkebobl for å få fram intensiteten, illustrert til høgre i tabellen under.

Snakkeboble	Tenkeboble	Sint snakkeboble

Humor som verkemiddel

Humor er eit vanleg verkemiddel i teikneserie (men ikkje obligatorisk!). Å vere morosam på impuls er ikkje alltid lett! Dersom du ønsker å bruke humor, kan det lønne seg å ha ei lita idemyldring der du hentar fram nokre minner av morosame hendingar.

Skriv ned små, artige episodar eller forteljingar som du anten har lese om, fått fortalt, sett på tv eller opplevd sjølv. Desse episodane kan du bruke som utgangspunkt for hendingar du vil ha med i teikneserien din!

Kva skjedde?	Kor skjedde dette?	Kven var involvert?	Teikning av høgdepunktet i hendinga

Karikatur

Ein karikatur er ei overdriven skildring eller teikning av ein karakter, person eller figur. Ofte er figurane i ein teikneserie basert på personar ein har møtt, men likevel er eigenskapane såpass overdrivne at ein ikkje risikerer å henge ut nokon. Under ser du ei liste med eigenskapar som er gode å bruke dersom ein skal overdrive og karikere ein figur. I parentes står døme på ein teikneseriefigur som har mykje av denne eigenskapen).

- Klumsete (Klodrik)
- Sint (Donald)
- Trist (Tussi)
- Smart (Petter Smart)
- Uheldig (Donald)
- Gjerrig (onkel Skrue)

Teikningar og bildeutsnitt

Kva må ein tenke på når ein skal planlegge teikningane/bilda sine? Under følgjer nokre tips til kva du kan gjere for å få variasjon mellom bilda i stripene dine, i tillegg til ulike måtar å få fram det du ønsker på den måten som passar best.

- Varier **perspektiv**. Ein kan bruke fugleperspektiv, froskeperspektiv eller normalperspektiv på teikningane sine:



- Bruk **overdriving**. Når du skildrar eller teiknar figurane sine rørsler, ansiktsuttrykk, reaksjonar og liknande, kan det vere lurt å overdrive, altså gjere dei større enn dei eigentleg er. Døme: Onkel Skrue som hoppar på hatten sin når han blir sint.
- Varier mellom **nærbilde** og **oversiktsbilde**. Av og til treng ein nærbilde av ansiktet til ein figur for å understreke ein reaksjon eller følelse. Andre gonger kan det vere fint med eit oversiktsbilde for å vise kor handlingane går føre seg.



Kva kan du om teikneseriar? (del 1)

FASIT

- | | |
|---|----------------------|
| 1. Kva for ein teikneserie følgjer ein superhelt som har sitt kvardagslege alter ego som reporter i avisa «The Daily Planet». | 1. Supermann |
| 2. Kva heiter superhelten som er basert på Donald Duck? | 2. Fantonald |
| 3. Kva kan ein kalle teikneseriar for med eit norskfagleg omgrep, fordi dei består av både tekst og teikningar? | 3. Samansett tekst |
| 4. Kva for ein norsk teiknar står bak teikneserien «Nemi»? | 4. Lise Myhre |
| 5. Kva er den norske tittelen på teikneserien «The Katzenjammer Kids»? | 5. Knoll og Tott |
| 6. Kva heiter hesten til Lucky Luke? | 6. Jolly Jumper |
| 7. Kva heiter kompanjongen til figuren Asterix? | 7. Obelix |
| 8. Kva heiter detektivane i serien om Tintin? | 8. Dupond og Dupont |
| 9. Kva for ein teikneseriefigur blir kalla «ånden som går»? | 9. Fantomet |
| 10. Kva er det norske namnet på figuren «Garfield»? | 10. Pusur |
| 11. Kva heiter Donald Duck på svensk? | 11. Kalle Anka |
| 12. Kva for ein norsk teiknar står bak teikneserien «Pondus»? | 12. Frode Øverli |
| 13. Kva for ein krig er teikneserien «Maus» knytt til? | 13. Andre verdskrig |
| 14. Kva heiter superhelten som jobbar for verdsfred og menneskerettar og som er basert på arbeidet til Nelson Mandela? | 14. The Urban Legend |
| 15. Kva for ein superhelt er forelska i Lois Lane? | 15. Supermann |

Kva kan du om teikneseriar? (del 2)

FASIT

- | | |
|---|------------------|
| 1. Kva heiter hunden til Tintin? | 1. Terry |
| 2. Kva kallar ein det japanske teikneserieformatet? | 2. Manga |
| 3. Kva heiter skaparen bak Donald Duck? | 3. Walt Disney |
| 4. Kven er eldst av Mikke Mus og Donald Duck? | 4. Mikke Mus |
| 5. Kva for ein sport er figuren Pondus svært interessert i? | 5. Fotball |
| 6. Kva heiter ektefellen til Pondus? | 6. Beate |
| 7. Kor mange illustrasjonar må vere involvert før ein tradisjonelt kallar noko ein teikneserie? | 7. To |
| 8. Kva kallar ein rammene som dialogen i ein teikneserie går føre seg innanfor? | 8. Snakkebobler |
| 9. Kva heiter den mest kjende teiknaren av Donald Duck, som også står bak dei eldste Donald-historiene? | 9. Carl Barks |
| 10. Kva heiter broren til teikneseriefiguren Tott? | 10. Knoll |
| 11. Kva kallar ein teikneseriar som er gjort om til film? | 11. Animasjon |
| 12. Kva land kjem teikneserien «Tommy og tigern» frå? | 12. USA |
| 13. Kva mytisk teikneseriefigur står skaparen Lee Falk bak? | 13. Fantomet |
| 14. Kva for ein teikneseriefigur var tidlegare på norsk kjent som «Edderkoppen»? | 14. Spiderman |
| 15. Alter egoet til «Edderkoppen» jobbar som fotograf. Kva er det bokstavrimbaserte namnet hans? | 15. Peter Parker |

Hva kan du om tegneserier? (del 3)

FASIT


- | | |
|---|-----------------------------------|
| 1. Innenfor hvilket tiår kom de første tegneseriestripene i avisene? | 1. 1890-tallet |
| 2. Hva kaller vi uttrykk som «voff», «psssst», «gulp» eller andre ord som er laget ut fra lyden de skal etterlikne? | 2. Onomatopoetikon/lydmalende ord |
| 3. Hvilken ordklasse er fraser som «atsjo» og «puh»? | 3. Interjeksjoner |
| 4. I hvilken sentral norsk avis publiseres tegneseriestripen Pondus? | 4. Dagbladet |
| 5. Hvilket forlag er mest kjent for å gi ut tegneserier i Norge og Norden, spesielt med tanke på Disney-tegneserier? | 5. Egmont |
| 6. I hvilken krig på 50-tallet er tegneseriefiguren Billy soldat, ved oppstarten av stripen? | 6. Koreakrigen |
| 7. Hva er det fulle navnet til «Sjanten» i tegneseriestripen «Billy»? | 7. Sersjant Orville P. Snorkel |
| 8. I hvilket miljø foregår handlingen rundt den norske tegneseriekarakteren Stomperud? | 8. I en norsk militærleir |
| 9. Hvilket nummer forbinder man gjerne med Stomperud? | 9. Nr. 91 |
| 10. Hva heter kjæresten til Stomperud? | 10. Petra |
| 11. Fra hvilket land kommer tegneserien Tex Willer? | 11. Italia |
| 12. I mange år har det vært en tradisjon at det blir utgitt hefter med tegneserier tilknyttet en spesiell høytid. Hvilken høytid? | 12. Jul (julehefter) |
| 13. Hvilken norsk tegneseriefigur handler om en blond gutt hentet fra Asbjørnsen og Moes norske folkeeventyr? | 13. Smørbukk |
| 14. Når ble karakteren Mikke Mus skapt? | 14. 1928 |
| 15. Hva heter hunden til Mikke? | 15. Pluto |

Hva kan du om tegneserier? (del 4)

FASIT

- | | |
|--|-----------------------------------|
| 1. Hva må Langbein spise for å forvandles til alter egoet «Super-langbein»? | 1. Peanøtter |
| 2. Kva heter sønnen til langbein i tv-serien «Langbein og sønn»? | 2. Max |
| 3. Hva er det norske navnet på figuren «Horace Horsecollar»? | 3. Klaus Knegg |
| 4. Hva heter nevøene til Mikke Mus? | 4. Tipp og topp |
| 5. Mange figurer, som Klara Ku og Donald Duck, har navn som består av like forbokstaver. Hva kaller vi dette fenomenet og språklige virkemiddelet? | 5. Bokstavrim eller allitterasjon |
| 6. Svarte-Petter er en skurk som av og til opptrer i historiene om Mikke Mus. Hva kaller man med et norskfaglig begrep en slik fiende som motarbeider hovedpersonen, protagonisten, i en fortelling? | 6. Antagonist |
| 7. Hva kalles den kortvokste kompanjongen til Svarte-Petter, som også er en ivrig fiende av Mikke Mus? | 7. Mikro-Midas |
| 8. Hva heter den skumle karakteren som ofte etterlater seg et ark signert med en blekkflekk? | 8. Spøkelseskladden |
| 9. Hvem har det vist seg at denne karakteren ligner på når ansiktet hans en sjelden gang har blitt avslørt? | 9. Walt Disney |
| 10. Hva er det norske navnet på «Beagle boys»? | 10. B-gjengen |
| 11. Hva heter Skrue McDucks erkerival, som er styrtrik og kjent som gruveeier fra Sør-Afrika? | 11. Gulbrand Gråstein |
| 12. Hvilken legendarisk Donald-tegner er mest kjent for å ha tegnet og fortalt historiene bak Donald Ducks stamtre og Skrues tidligere liv? | 12. Don Rosa |
| 13. En Donald-historie ved navn «Eggemysteriet», som omhandler det såkalte «firkantfolket», har tatt i bruk et språk som ikke ofte brukes i Donald Ducks univers. Hvilket språk? | 13. Nynorsk (og vossadialekt) |
| 14. Hva heter speiderorganisasjonen som Ole, Dole og Doffen er medlemmer av? | 14. Hakkespettene |
| 15. Hva heter den meget sentrale boka som de tre nevøene til Donald ofte søker mot for å få svar på større eller mindre spørsmål i livet? | 15. Hakkespettboka |

B-økonomi



Returadresse:
Norsknytt
Postboks 303
7601
LEVANGER

Sitat frå Henrik Wergeland

(1808 – 1845)

*Som insektets stikk i muslingen,
avler fornærmelser kun perler i mitt hjerte.
De skulle en gang pryde min ånds diadem.*